

Samling i Nasjonalt kulturlandskapsnettverk

14.-15. april 2005 i Bergen



VELKOMEN TIL NY SAMLING I KULTURLANDSKAPSNETTVERKET

I den 3. samlinga i det nasjonale kulturlandskapsnettverket set me fokus på oppleving, fagleg påfyll og sosialt samvære.

Bli med å opplev vestlandsvåren i Bergen og våronn på det freda kulturmiljøet Havråtunet. Stiftinga Havråtunet er blant dei fremste i Norden med å ta vare på handlingsbåren kunnskap, og er sentral i det norske kulturminneforvaltninga. Her vil vi oppleve eit levande tun med dyr og gardsfolk i sving med spade og møkakiper. Vi får sjå eit kulturlandskap som er resultat av mange hundre års jordbruksdrift.

På kvelden vil vi bruke litt tid på informasjon i nettverket, og vi vil sjå den legendariske Havråfilmen som vart laga i 1954 om gardsdrifta på Havrå.

Fredag prøver vi å vektlegge forvaltar-brukar perspektivet i forvaltninga av ”grøn” kulturarv på musea. Føremiddagen vert brukt til faglege føredrag. Mange museum har fått den nye biomangfaldloven (NOU 2004:28) til høyring. Kva inneheld dette enorme dokumentet, og kva følgjer kan ei slik ny naturvernlov få for musea ?

Historiske hagar er eit område som er aktuelt for mange museum, og kanskje vil dei bli viktigare i framtida. Mette Eggen frå Riksantikvaren vil halde føredrag om museumshagane si rolle i den norske kulturarven. Vi har og store forventningar til besøket på Damsgård Hovudgård, og vandringa i hagen der som er gjenskaft slik den var i 1780-åra.

For meir informasjon, sjå: <http://hordaland.kulturnett.no/tema/havraa/default.htm> og <http://www.vk.museum.no/damsgaard.htm>

PROGRAM

Torsdag 14. april: Hadlingsbåren kunnskap – Havråtunet

11:00 Velkommen til Havråtunet

Kort orientering om Havråtunet sin ståstad i det norske kulturminnevernet
v/gardsstyrar Kjetil Monstad

Vi vandrar rundt og ser og får orientering om tun, dyr og landskap og korleis dette vert stelt på gamlemåten.

13:00 Enkel lunsj

14:00 ”Arbeidsøkt” – vi får prøve litt av gamle reiskap og arbeidsteknikkar som var brukt i våronna. Streiftog i kulturlandskapet.

15:45 Retur til Bergen (tog frå Arna 15:50 og 16:20)

I Bergen anbefalar me ein kafetur for å få litt påfyll av mat og drikke. Det er lenge til middag..

17:30 Nytt i kulturlandskapsnettverket. Innlegg frå deltakarane om relevant informasjon for nettverket (ca. 5 min på kvar).

Havråfilmen (ca. 1, 5 time)

20:00 Middag på Rica Travel hotell (*påmelding*)

Fredag 15. april: Integrering av naturkunnskap i kulturminnevernet

09:00 Biomangfaldloven (NOU:2004:28) – nye utfordringar for musea ? Gjennomgang av hovudlinene i dokumentet v/amanuensis Eli Heiberg, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Spørsmål og diskusjon.

10:00 Museumshagane – ein del av den grønne kulturarven ? v/ landskapsarkitekt Mette Eggen, Riksantikvaren.

Spørsmål og diskusjon

11:30 Lunsj

12:20 Avgang til Damsgård Hovudgård (Buss nr. 70 og 71 frå Olav Kyrres gate kl. 12:25 og 12:41)

13:00 Omvising i 1700-tals hagen på Damsgård Hovudgård v/driftsleder Astrid Matland

Buss til sentrum kvar 10 min frå kl. 15:00

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Pris


Kostandane med samlinga vert ordna slik som dei tidlegare samlingane ved å fakturere utgifter for mat og taxi, møterom i etterkant. Middag , 3. retters, kr. 199 (Kryss av for middag på påmeldingsslippen)

Overnatting

Møtene på samlinga vert lagt til Rica Travel Hotell i Christies gt. 57 v/Lille Lungårsvann i Bergen sentrum (<http://www.rica.no/vis.cfm?avsnitt=1&hotell=19>). Alle tingar overnatting sjølv. Me har reservert 20 enkeltrom på dette hotellet frå 14. til 15. april, - kr 646 pr. enkeltrom inkl. frukost. Elles er det mange hotell i nærleiken http://travel.yahoo.com/p-hotel-191501781-bergen_hotels-i
Bykart: <http://www.hotelbergen.com/norwegian/maps.html>

Reise til Havråtunet og Damsgård

Havråtunet ligg på Osterøy ca. 30 min nordaust for Bergen. Kjør E 16 mot Voss, ta av over Osterøybrua. Reiser du kollektivt kan du ta toget frå Jernbanestasjonen ca 10. min til Arna stasjon (avg. klokka 10:05) . Der kan me ordne skyss med enten privatbilar eller drosje (avhengig kor mange det er). Kryss difor av for om de reiser kollektivt eller ikkje på påmeldingsslippen. Dei gule bussane går til Damsgård i Laksevåg, sjå program.



Uteaktiviteter

Me har planlagt å vere mykje ute på Havråtunet. Sjølv om me har bestilt strålande ver, kan det hende det blir både vått, blautt og kaldt. Bratt er det i alle fall, så høghæla sko er ikkje å anbefale...

Flyruter Oslo-Bergen 14. april:			Bergen Oslo 15. april		
	Avg:	Ank.:		Avg:	Ank:
SAS	06:45	07:35	SAS	15:45	16:35
SAS	07:20	08:10	SAS	16:20	17:10
Norwegian	07:20	08:10	Norwegian	16:45	17:35
SAS	07:50	08:40	SAS	17:05	17:55
Norwegian	08:05	08:55	SAS	17:40	18:30
SAS	08:45	09:35	Norwegian	17:45	18:35
Norwegian	09:00	09:50	SAS	18:15	19:05
SAS	09:55	10:45	Norwegian	18:30	19:20
			SAS	19:10	20:00

PÅMELDING til BEGENSMØTET 14. - 15. APRIL - innan 1. april

Namn.....

Tlf.:.....

Institusjon/adresse:.....

E-post:.....

Eller på e-post til: liv.byrkjeland@dhs.museum.no

MIDDAG torsdag 14. april kr. 199,-

REISER KOLLEKTIVT ?